

## **Melding til eigarar av partbrev i Fjelberg Kraftlag PL, org nr. 911 665 670.**

Årsmøtet i Fjelberg Kraftlag PL har, 30.4.2009, vedteke at føretaket skal vera eit samvirkelag etter reglane i den nye samvirkelova og med føretaksnamnet Fjelberg Kraftlag SA. Samstundes vedtok årsmøtet å endre vedtekten til føretaket slik at vedtekten no stettar krava i samvirkelova.

I samband med dette vart årsmøtet tilrådd av styret å løysa inn alle partbreva i Fjelberg Kraftlag PL slik:

1. betala attende partinnskott med renter til alle gamle parteigarar som kan dokumentera eigarskap til partbrev i kraftlaget. Partinnskott på kr 100 vert forrenta med 4 % rente pr heile år rekna frå teikningsåret og utbetalta.  
(Eit partbrev lydande på kr 100, teikna i 1948, gjev ei utbetaling på kr. 1.094 medan eit partbrev teikna i 1963 gjev kr. 607.)
2. godskrive medlemsinnskot på kr 500 på medlemskapitalkonto til:
  - a) alle gamle parteigarar som framleis stettar krava til medlemskap i Kraftlaget, og til:
  - b) alle dei som er blitt medlemmer etter 1965, og difor ikkje har betalt medlemsinnskot, og som framleis stettar krava til medlemskap i kraftlaget.

Årsmøtet gjorde følgjande vedtak:

- a) Årsmøtet godkjener styret sitt framlegg om å løysa inn alle gamle partbrev etter dei retningslinjene som går fram av tilrådinga frå styret.
- b) Årsmøtet godkjener styret sitt framlegg om at gamle parteigarar med partbrev utskrive i perioden 1947-1965, som framleis stettar vilkåra for medlemsskap, vert medlemmer i Kraftlaget. Samstundes vert dei godskrive kr 500,- på sin medlemskapitalkonto utan innbetaling.
- c) Årsmøtet godkjener styret sitt framlegg om at personar som har blitt parteigarar etter 1964, og som framleis stettar vilkåra for medlemsskap, vert medlemmer i kraftlaget. Samstundes vert dei godskrive kr 500,- på sin medlemskapitalkonto utan innbetaling
- d) Endringane i pkt. a, b og c vert finansiert over selskapet sin eigenkapital.
- e) Ved overgang frå PL Fjelberg Kraftlag til Fjelberg Kraftlag SA held dei valde styremedlemer m/ vararepresentantar og representantar i valnemnda fram i sine tillitsverv med sine respektive funksjonstider.

Fjelberg Kraftlag SA vil no gjennomføra årsmøtet sitt vedtak, og oppmodar alle som eig gamle partbrev om snarast å senda søknad om innløysing av desse. Søknadsskjema ligg på kraftlaget sine nettsider: [www.fjelberg-kraftlag.no](http://www.fjelberg-kraftlag.no) og på kraftlaget sitt kontor.

(Dei som måtte ynskje å behalde sjølve partbrevet får høve til dette, men det vert då stempla på partbrevet at det er innløyst.)

Person som har partbrev som ikkje lyder på eige namn må dokumentera at han/ho no er rette eigar av partbrevet for å få utbetalt løysesummen. Dersom partbrevet er kjøpt vil dokumentasjon på kjøpet, t.d. kjøpekontrakt, vere dokumentasjon. Dersom pantebrevet er arva vert det kravd skifteattest som viser at den som har partbrevet er den som står for skiftet etter parteigaren, eller har arva partbrevet. Den som har overtatt buet uskifta etter den parteigaren som partbrevet er utskrive til, må dokumentere dette med uskifteattest.

Fjelberg Kraftlag SA oppmodar alle som vil løyse inn partbrev som ikkje lyder på eige namn om å skaffe godkjent dokumentasjon og leggja dette ved søknaden. Søknader utan tilfredsstillande opplysningar eller vedlegg vert returnert.

Der det ikkje kan leggast fram annan fullgod dokumentasjon som er rettsleg haldbart for eigarskapet til partbrevet, vert ikkje partbrevet innløyst.

Partbrev som no ikkje vert løyste inn på grunn av uklåre eigartilhøve eller manglande eigardokumentasjon, vil kunne løysast inn seinare med dei beløpa som er vedteke (dvs. utan ytterlegare renter) dersom turvande dokumentasjon vert skaffa fram.  
Fjelberg Kraftlag SA vil løyse inn gamle partbrev heilt fram til utgangen av 2012.  
Personar som har problem med å kunne dokumentere eigarskapet til eit partbrev vert også oppmoda til å ta kontakt med Fjelberg Kraftlag SA.

Sæbøvik 21.oktober 2009

FJELBERG KRAFTLAG SA

*Per Ove Kviteberg*  
styreleiar